LINDÅS KOMMUNE

# KLAUSULERINGSFØRESEGNER FOR STORAVATNET SØR FOR KJENES I LINDÅS

Redigert etter godkjenningsskriv av 22. og 29. februar 1980 frå Statens Institutt For Folkehelse.

## § 1

I nedbørsfeltet må det ikkje førast opp nye hytter eller hus. Bruksendringar eller utvidingar av eksisterande hytter vert ikkje tillate.

Det vert tillatt å føra opp eitt kårhus på gardsbruka innafor nedbørsfeltet i større horisontal avstand enn 100 meter frå HRV i Storavatn. Ved brann eller elde vert det gjeve løyve til turvande fornying av eksisterande hus. Kårhus på gnr. 181 bnr. 7, gnr. 182 bnr. 1 og 6, kan likevel byggjast innafor 100 metersgrensa etter nærare vilkår frå helserådet. Kårhus på gnr. 182 bnr. 1 skal plasserast søraust for noverande våningshus med avlaup mot sør. Avlaup frå både gnr. 182 bnr. 1 og 6 skal utførast som nemnt i § 4 avsnitt 2, men med etterfølgjande infiltrasjon i grunnen.
Dersom helserådet ikkje finn ei slik løysing hygienisk forsvarleg, må det for kårhus på gnr. 181 bnr. 7 og gnr. 182 bnr. 1 og 6 installerast biologisk klosett utan avlaup, og vaskevatn leiast gjennom septiktank til kunstige sandfiltergrøfter etter forskriftene til vannvernlova eller tilsvarande.

## § 2

Det må ikkje byggjast og drivast bensin og servicestasjonar i nedbørsfeltet, eller lagrast større kvanta av bensin og oljeprodukt enn turvande for eige bruk.

## § 3

Oppretting av industriverksemder og turistføretak i nedbørsfeltet er ikkje tillete. Unntak er småindustri, som ikkje er forureinande, som tilskot til gardsdrifta. Slik industri kan berre opprettast i samråd med helserådet og bygningsrådet.

## § 4

Kloakk og spillvatn skal ikkje leiast direkte ut i grunnen.

For bustadhus og hytter som ligg meir enn 100 m frå Storavatnet skal kloakk og spillvatn leiast ut gjennom septiktank til kunstige sandfiltergrøfter etter forskriftene til vannvernlova eller tilsvarande dersom helserådet ikkje finn slik utleiing tvilsam ut frå grunntilhøva, fråstand frå vasskjelda og dimensjonering og utforming av avlaupsanlegget. I so fall må det nyttast biologisk klosett utan avlaup, og avlaupsvatn (vaskevatn etc.) skal førast til septiktank og kunstig sandfilteranlegg.

Bustadhus og hytter som ligg nærare vatnet enn 100 m kan, dersom naturgrunnlaget er tilfredsstillande, nytta same løysing som nemnt ovanfor dersom avlaupsvatnet vil renna meir enn 100 m før det når vassdrag.

Føresetnaden er at helserådet finn løysinga hygienisk betryggande. Utlaupet frå sandfiltergrøftene skal kontrollerast bakteriologisk ein gong pr. år. Dersom avlaupsvatnet er merkbart bakteriologisk påverka, må tilhøva utbetrast.
Bustadhus og hytter innafor 100 m - grensa elles skal primært ha biologisk klosett utan avlaup, og vaskevatn skal leiast gjennom septiktank og kunstig sandfilteranlegg.

Hytter som idag ikkje har innlagt vatn får ikkje løyve til å leggja inn vatn.

§ 5

Større endring av gardsdrifta i nedbørsfeltet, til dømes overgang til industrielt husdyrhald, er ikkje tillete. Husdyrhald skal avgrensast slik at gjødsla kan nyttast på det areal som vedkommande brukar disponerer innan nedbørsfeltet. Det er forbod mot å nytta gjødsel frå menneske på markene i nedbørsfeltet.

§ 6

Bruk av plantevernmiddel i skogbruket er forbode. Det kan søkjast til godkjennande myndigheit om dispensasjon frå denne avgjerda etter uttale frå helserådet. Bruken skal i så fall kontrollerast av heradskogmeistaren. Dersom det skal plantast skog i nedbørsfeltet og plantane skal dyppast i DDT før planting må dette gjerast utafor nedbørsfeltet. Berre plantevernsmiddel i fareklasse C skal nyttast i jordbruket og minimum 25 m frå vasskjelda. Sprøyting med plantevernsmiddel frå fly er forbode i nedbørsfeltet.

§ 7

Gjødsling av nyplanta skog er tillete med 5 til 10 gram pr. plante i dei fyrste fem åra.

§ 8

I inntaksmagasinet, vest for ei line AB, er bading og leirslåing forbode. Mellom lina AB og Flateneset er det berre høve til å bada for dei fastbuande på gnr. 183 bnr. 1 og 2. Aust for Flateneset er det forbod mot leirslåing og organisert bading.

§ 9

Ferdsel med motordrivne båtar er forbode med unntak av det som trengst til skogdrift, drift av vassverket og kultivering for fisk.

§ 10

Gjødsling av vatnet for oppal av fisk er ikkje tillete.

§ 11

Fisking og båttrafikk vest for Flateneset er berre tillete for dei som eig grunn til Vatnet. Båttrafikk må ikkje koma nærare inntaket enn grensa A-B på kartbilaget, med unntak av turvande trafikk for drift av vassverket og skogsdrift.

§ 12

Det er forbode å nytta motorkøyretøy på islagt vatn, med unntak for skogsdrift. Slik trafikk skal gå langs land.

§ 13

Riksvegen langs vestsida må, innafor nedbørsfeltet, sikrast med fenderverk. Rasteplassar kan ikkje tillatast. Kommunen pliktar å skaffa seg verneutstyr mot olje- og/eller giftutslepp.

§ 14

Den gamle riksveg 14 langs austsida av Storavatnet må stengjast av det offentlege for gjennomgangstrafikk av skadelege stoff, slik som olje, bensin, giftstoff o.l.

§ 15

Helserådet skal føra tilsyn med at føresegnene vert etterlevde.

oooo

STATENS INSTITUTT FOR FOLKEHELSE
SANITÆR-KJEMISK AVDELING

05583 -3.3.80
57/1

Lindås kommune

5100 ISDALSTØ

Kopi: Lindås helseråd
Fylkeslegen i Hordaland
Fylkesmannen i Hordaland

| Deres ref. | Vår ref. | Dato |
|---|---|---|
| | Jnr. SK 392/80 JAO/sb | Oslo, 29. FEB. 1980 |

VEDR. GODKJENNING AV BESKYTTELSESTILTAK FOR STOREVATN SØR FOR KJENES I LINDÅS

I vårt brev av 22. februar 1980 til Lindås kommune ble "gnr. 181 bnr. 3" utelatt i siste setning i tredje avsnitt.
Setningen skal være:

Hvis hygienisk forsvarlig infiltrasjon etter en vurdering av helserådet ikke kan finne sted, må det etableres biologisk klosett uten avløp for kårhus på gnr. 181 bnr. 3, gnr. 182 bnr. 1 og 6, og avløpsvann (vaskevann etc.) må infiltreres i kunstige sandfiltergrøfter.

Siste setning i fjerde avsnitt på første side skal være:

"Kloakk- og spillvann tillates ikke ledet direkte ut i grunne

Videre skal siste setning i tredje avsnitt på annen side være:

I så fall må det benyttes biologisk klosett uten avløp, og avløpsvann (vaskevann etc.) infiltreres i kunstige sandfilter grøfter."

En vil også presisere at boliger omfatter bebyggelse som blir bebodd på helårsbasis, også våningshus på gårdsbruk.

Jan Aug. Myhrstad

Knut Ellingsen

STATENS INSTITUTT FOR FOLKEHELSE

LINDÅS KOMMUNE
09521 25.2.80

Lindås Kommune

5100 ISDALSTØ

| Deres ref. | Vår ref. | Dato |
|---|---|---|
| | Jnr. SK 365/80 JAM/sb | Oslo, 22 FEB. 1980 |

GODKJENNING AV BESKYTTELSESTILTAK FOR STORAVATN SØR FOR KJENES I LINDÅS

Det vises til søknad av 15. februar d.å. samt uttalelse fra helserådets ordfører av samme dato.

Instituttet finner å kunne godkjenne §§ 2, 3, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14 og 15 slik de er formulert i søknaden.

En finner også å kunne godkjenne § 1, men forutsetter at den "etterfølgende infiltrasjon i grunnen" blir utført på hygienisk forsvarlig måte. Dette blir å vurdere av helserådet. Hvis hygienisk forsvarlig infiltrasjon etter en vurdering av helserådet ikke kan finne sted, må det etableres biologisk klosett uten avløp for kårhus på gnr. 182 bnr. 1 og 6, og avløpsvann (vaskevann etc.) må infiltreres i kunstige sandfiltergrøfter.

Instituttet finner å måtte endre den omsøkte § 4 til følgende: "Kloakk og spillvann tillates ikke ledet direkte ut i grunnen."

For boliger og hytter som ligger nærmere Storavatn enn 100 meter ved HRV må det primært benyttes biologisk klosett uten avløp, og avløpsvann (vaskevann etc.) må infiltreres i kunstige sandfiltergrøfter. For boliger i denne sonen som har en slik

Postadresse: Postuttak Oslo 1 Norge
Kontoradresse: Geitmyrsveien 75 Oslo, Norge
Telegramadresse: SIFF Oslo
Telefon: (02) 15 10 10 etter 24.8.74 (02) 35 60 20
Internasjonal telefon: (472) 15 10 10 etter 24.8.74 (472) 35 60 20

Skj. nr. 03 6840

beliggenhet at avløpsvann vil få en transportavstand til nærmeste vassdrag som er mer enn 100 meter, og naturgrunnlaget på denne strekningen er tilfredsstillende, kan det aksepteres at kloakk og spillvann ledes ut gjennom slamavskillere til kunstige sandfiltergrøfter etter forskriftene til vannvernloven eller tilsvarende. Dette fordrer at helserådet ikke finner slik utledning hygienisk betenkelig vurdert ut fra grunnforholdene, avstand til vannforekomst og dimensjonering og utforming av avløpsanlegget. En slik alternativ løsning krever bakteriologisk kontroll av utløpet fra sandfiltergrøftene minst en gang pr. år. Hvis utløpet er merkbart bakteriologisk påvirket, må forholdene utbedres.

Hytter som idag ikke har innlagt vann, tillates ikke å legge inn vann.

For boliger og hytter i resten av nedbørfeltet skal kloakk og spillvann ledes ut gjennom slamavskillere til kunstige sandfiltergrøfter etter forskriftene til vannvernloven eller tilsvarende, forutsatt at helserådet ikke finner løsningen hygienisk betenkelig. I så fall må det benyttes biologisk klosett uten avløp, og avløpsvann (vaskevann etc.) infiltreres i kunstige sandfiltergrøfter.

Instituttet finner å kunne godkjenne § 5 under forutsetning av at gjødsel fra husdyrhold kan nyttes på det areal som vedkommende gårdbruker disponerer innen nedbørfeltet.

For § 6 må det føyes til at plantevernmiddel i fareklasse C som blir benyttet i jordbruket, ikke brukes nærmere vannforekomst enn 25 m.

Instituttet forbeholder seg retten til å ta saken opp til ny vurdering hvis det viser seg at de godkjente beskyttelsestiltakene ikke gir nødvendig hygienisk sikring av vannkilden.

En viser forøvrig til helserådsordførerens merknad om at Lindås helseråd må ha tilgang på kvalifisert personell for å utføre den nødvendige kontroll.

Chr. Lerche

E. Bjerkelund

Kopi: Lindås helseråd
Fylkeslegen i Hordaland
Fylkesmannen i Hordaland